

## Resensjonsartikkel

Hjalmar P. Petersen: *Gender Assignment in Modern Faroese.*

Hamburg: Verlag Dr. Kovač, 2009. 346 sider.

Av Philipp Conzett

### 1 Innleiing

Hjalmar P. Petersens bok *Gender Assignment in Modern Faroese* er ein revisert versjon av doktoravhandlinga hans frå Universitetet i Hamburg med same tittelen frå 2008. Bakpermen opplyser om at boka for tida er den einaste uttømmande studien av genustilordning i eit nordgermanskt språk. Det er gledeleg å sjå at det med Petersens arbeid no ligg føre eit nytt, viktig tilskot til utforskinga av substantivsystemet i det minste av dei nordiske nasjonaltspråka.

I denne meldinga skal eg fyrst gjeva eit stutt oversyn over boka (del 2). Her tek eg føre meg kapittel for kapittel. Dinenst følgjer ei kritisk vurdering av meir overordna aspekt ved verket (del 3 og 4). Meldinga vert avslutta med ei oppsummering og nokre tankar om vidare arbeid med emnet.

### 2 Disposisjon og innhold i boka

Boka er delt inn i elleve hovudkapittel. I føreordet (kap. 0) skildrar Petersen kort korleis han vart inspirert til å arbeida med genus i færøysk. Han trekkjer særleg fram Trond Trosteruds artikkel frå 2001, «Genus i norsk er regelstyrt», og standardverket om genus, Greville Corbetts *Gender* frå 1991. Desse to verka dannar på mange måtar grunnpilarane i Pedersens tilnærming til emnet.

Innleiingskapitlet har fått overskrifta «State-of-the-art report». Petersen streifar her inn på eit lite utval av tidlegare forsking på genus generelt og genus i nordgermanske språk, særleg færøysk. Han framhevar korleis synet på genus har endra seg frå Bloomfield (1933), som såg på genus i indoeuropeiske språk som arbitrært, til forskarar som Köpcke (1982), som meiner at genus i tysk er regelstyrt. Perspektivet til Petersen er her etter mitt syn for snevert. Det er misvisande å nyta amerikansk strukturalisme, representert ved Bloomfield, som utgangspunkt for genusforskinga. I mykje av den førstrukturalistiske forskinga er ein vel medviten om mange av dei regularitetane i genussystemet som Petersen sjølv omtalar som tilordningsreglar i boka si. Frå norsk tradisjon kan vi t.d. nemna dei grammatiske arbeida til Ivar Aasen (jf. t.d. Aasen 1996 [1848]: 106–110). Denne veldige trøngen som ein del nyare forsking har hatt til å få fram det revolusjonære og dristige i regelstyrt tilnærmingar til genus, verkar difor litt historielaus. Når det er sagt, ser Petersen ut til å ha eit nokså sjølvstendig og avslappa forhold til ulike teoretiske retningar som har sysla med genustilordning. Som han sjølv skriv på side 27, har ikkje målet med arbeidet vore å syna kvifor éin lingvistisk teori er betre eigna enn ein annan til å forklara korleis genustilordning i færøysk fungerer. Målet hans har heller vore å leggja i dagen dei tilordningsreglar som finst i færøysk, for dimed å stadfestha hovudhypotesen i boka, nemleg at genustilordning er regelstyrt (s.st. og s. 11). Det skal altså setjast opp eit regelapparat som generer genuset til færøyske substantiv. I vid forstand kan arbeidet til Petersen dimed plasserast innanfor tradisjonell generativ grammatikk. Etter at han har sett opp eit regelsett for det etablerte substantivsystemet i moderne færøysk, skal forfattaren sjá på korleis lánord får tilordna genus (kap. 7), korleis språkbrukarar tilordnar genus til fantasiord (kap. 9), og korleis nokre substantiv har skift genus på veg frå norrønt til moderne norsk (kap. 10). Gjennom desse tre delundersøkingane vonar Petersen å kunna stadfesta det postulerte regelsettet (s. 12). Det er særleg to teoretiske postulat som Petersen vel å leggja til grunn for den empiriske analysen. Det første prinsippet er det såkalla genus(tilordnings)hierarkiet som går ut på at semantiske tilordningsreglar (STR) alltid har forerang framføre morfolologiske tilordningsreglar (MTR), som igjen overstyrer fonologiske tilordningsreglar (FTR) (s. 16). Dette prinsippet er m.a. sett fram i Corbett (1991), og det er ofte symbolsk attgjeve slik: STR >> MTR >> FTR. I neste avsnitt skal vi sjá kva dei ulike regeltypane konkret går ut på. Eit anna prinsipp som Petersen tek med seg inn i analysen, er konseptet «default gender», dvs. at det finst eit normalverdi- eller førerangsgenus i genussystem. Ifølgje

tidlegare forsking er det nøytrum (N) som er normalverdigensuset i såvel norrønt som moderne færøysk og islandsk (Trosterud 2001 og 2006, Steinmetz 2006). Petersen konkluderer allereie her i innleiingskapitlet med at dette stemmer for færøysk, og han kjem attende til problematikken i eit eige kapittel (kap. 4; sjå nedanfor). I resten av innleiingskapitlet gjev Petersen eit oversyn over korleis boka er bygd opp. Til slutt gjer han greie for metoden som er nytta i arbeidet. Undersøkinga er basert på alle usamansette ord or 1998-utgåva av *Føroysk orðabók* (FO). Totalt finst det 8002 slike ord, 2944 av dei er maskulinum (M), 2876 er femininum (F), og 2186 er N (s. 24). Som Petersen peikar på, er ordutvalet i *Føroysk orðabók* styrt av eit puristisk språksyn. Difor er mange vanlege lánord ikkje med (s.st.). Petersen bøter på denne veikskapen ved å inkludera eit kapittel om lánord (kap. 7; sjå nedanfor). Orda som er diskuterte der, er henta or *Dansk-føroysk orðabók* (DFO).

Kapittel 2 har fått namnet «A general survey of gender systems». Titelen er nok ikkje heilt dekkjande, ettersom vi her i tillegg til eit oversyn over ulike typar genussystem òg får presentert ei rekkje teoretiske konsept og ei skildring av utviklinga av genus frå indoeuropeisk til nordgermansk. Dessutan diskuterer Petersen nokre sentrale spørsmål knytte til genustilordning. Gjennomgangen av ulike typar genussystem er delt inn i tre delar basert på hovudmekanismen som er nytta for å tildela genus. Med Corbett (1991) kan vi såleis skilja mellom semantiske, morfologiske og fonologiske tilordnings-system (s. 25). Diverre forklárar aldri Petersen heilt eksplisitt kva han meiner med semantisk tilordningsregel, men etter vanleg oppfatning er det ein regel som tilordnar genus på grunnlag av ein eller fleire semantiske eigenkapar ved substantivet (jf. t.d. Corbett 1991). Eit språk som har eit reint semantisk tilordningssystem, er tamil. I dette språket er det slik at substantiv som står for gudar og menneske av biologisk hankjønn, får tilordna M, substantiv som merkjer av gudinner og menneske av biologisk hokjønn, får tilordna F, og dei resterande substantiva får tilordna N. Ordet *aan* ('mann') er altså M, *peñ* ('kvinne') er F, og *maram* ('tre') er N (s. 30). Ifølgje Petersen (s. 35) er det typisk for indoeuropeiske språk at dei har eit morfologisk genustilordningssystem. Som døme nemner han færøysk, der ord som sluttar på *-ur* i nominativ eintal, er M (t.d. *armur* 'arm'), medan ord som har endinga *-a* i nominativ eintal, er F (t.d. *erma* 'erm'). Men litt lenger nede på same sida skriv han at det alltid finst ein semantisk kjerne i morfologiske tilordningssystem, og at dei morfologiske tilordningsreglane er påkravde når dei semantiske tilordningsreglane slår feil. Etter mitt syn verkar det då litt rart å kalla eit slikt system for morfologisk. Petersen syner jo seinare i

boka at også færøysk tyr til semantiske tilordningsreglar, og at jamvel genushierarkiet gjeld for dette språket. Litt underleg verkar også definisjonen av morfologisk genustilordning på s. 29. Her står det at «[w]hat is meant by morphological gender assignment is that a certain form or forms are associated with a specific gender [...] [mi framheving, PhC]». Det at visse substantivformer er knytte til eit bestemt genus, er vel ikkje nok for å kunna snakka om morfologisk genustilordning. Det som er kjernen i morfologisk genustilordning, er at genus faktisk vert *tilordna* på grunnlag av visse substantivformer. Det verkar som om denne vinglante termbruken speglar av eit noko uklårt syn på kva forfattaren eigenleg meiner med regelstyrt genustilordning. Eg skal koma nærmare inn på dette i del 3 nedanfor. Fonologisk genustilordning er den regeltypen som er mest stemoderleg handsama i boka. Fonologiske tilordningsreglar er ikkje baserte på bøygningsstikkis, men på den fonologiske strukturen i sjølv substantivstomnen (s. 39). Men Petersen har ikkje funne nokon signifikante fonologiske tilordningsreglar i færøysk, «as most nouns get gender according to some morphological rules» (s.st.). Dei sambanda han har funne mellom stominstruktur og genus, dekkjer berre nokre få substantiv og tel difor ifølgje honom ikkje for å få status som tilordningsreglar. Til dømes finst det sju M på /-økk/, og Petersen stiller det retoriske spørsmålet om ein bør setja opp ein regel basert på berre sju substantiv (s. 40). Eg greier ikkje å sjå nokon prinsipiell skilnad mellom ein slik regel og t.d. den semantiske regelen om at ord som merkjer av årstider, er N (s. 169). I dei neste to underkapitla (2.5. og 2.6.) skisserer Petersen i korte drag korleis genus som lingvistisk kategori har utvikla seg frå urindoeuropeisk til moderne indoeuropeiske språk, særleg færøysk.

Underkapittel 2.7. er den mest teoriladde bolken i boka. Her skildrar Petersen nokre teoretiske tilnærmingar til genus, og han tek opp nokre generelle problem knytte til genus. Forfattaren poengterer at det teoretiske studiet av genus framleis er på barnestadiet, og at det berre finst nokre få teoretiske studiar av fenomenet (s. 50). Denne utsegna verkar nok litt underleg på meg, men ho føyer seg godt inn i ein aukande tendens til å impulsivt setja likskapsteikn mellom teknisk formalisme og/eller ei veldig spesifikk skuleretning på den eine sida og merkelappane «teori» og «teoretisk» på hi. Det har då visseleg funnest språkvitskaplege studiar av genus lenge før dei to artikkelsamlingane Petersen trekkjer fram som rosverdige unntak, nemleg temanummeret om genus i *Lingua* 116 frå 2006 og *Gender in Grammar and Cognition* frå 2000. Petersen klårgjer ikkje kva som er bakgrunnen for den teoretiske utgreiinga han tek føre seg i dette delkapitlet.

Det einaste han seier, er at ei evaluering av alle dei ulike tilnærmingane ligg utanfor hovudmålet hans, som er ein empirisk studie av genustilordning i moderne færøysk (s. 51).

Trass i denne vektlegginga av det empiriske aspektet har forfattaren likevel funne god hjelp i nokre prinsipp, generaliseringar og postulat som har vore sett fram i litteraturen. For det fyrste knyter han genustilordning opp mot eit skilje mellom lemma- og leksemnivå som nokre språkforskrarar operer med innanfor språkproduksjon (sjå s. 51f. for tilvisingar). Tydinga til ei leksikalsk eining finst i lemmaet, medan morfologiske og fonologiske eigenskapar er representerte i leksemet. Petersen gjer no framlegg om at semantisk genustilordning skjer på lemmannivå, medan morfologisk genustilordning skjer på leksemnivå (s.st.). Han grunngjев det med at semantiske reglar ikkje er avhengige av morfologisk informasjon. Til dømes vert ord som *pabba* ('pappa') tilordna M, sjølv om dei har ei bøygningsending i nominativ eintal (-*a*) som etter dei morfologiske tilordningsreglane skulle tilseia at ordet var F. Det er vanskeleg å vurdera om framlegget til Petersen har noko føre seg. At ord som *pabba* får genuset sitt etter ein semantisk tilordningsregel, går jo allereie fram av genushierarkiet, som nettopp gjev semantiske reglar førerang framføre morfologiske. Genushierarkiet er eit anna prinsipp Petersen diskuterer i dette teoretiske delkapitlet. Spørsmålet han stiller seg, er om prinsippet òg gjeld for færøysk (s. 55). Svaret hans er stort sett positivt. Det er berre eit knippe ord som ifølgje honom er ekte motdøme til STR >> MTR >> FTR-hierarkiet. Det er substantiva *hetja* F ('helt'), *kempa* F ('kjempe'), *vakt* F ('vakt'), *vitni* N ('vitne') og *postboð* N ('postbod'). Her skulle vi ha forventa M ettersom desse orda merkjer av personar (jf. omtalen av dei semantiske tilordningsreglane nedanfor). Eg vil påstå at det finst diakrone grunnar til at desse orda ikkje er M, og skal kort sjå på to av dei. Ordet *vakt* er lånt (via dansk?) frå lågtysk. Opphavleg hadde ordet truleg berre abstrakt tyding, altså 'det å vaka eller vakta'. Det kan tenkjast at det vart assosiert med andre innlånte abstrakte F med same stømnutljod, t.d. *plikt* eller *makt*. Ordet *boð* er avleidd av verbet *bjóða*, og det er lett å tenkja seg at genuset til denne avleininga opphavleg var knytt til ordlagingsstypen som låg til grunn, altså på same måten som verbalabstraktet *spark* er N av di det fell inn under eit mønster med nøytrale deverbale null-avleiningar i norsk, jf. *blaff*, *kast*, *ras*. I tillegg er det slik at også dette ordet opphavleg einast hadde abstrakt tyding. Både i *vakt* og *boð* har det seinare skjedd ei metonymisk overføring frå sjølve verbalhandlinga eller resultatet av verbalhandlinga til personen som er involvert i handlinga. Altså t.d. frå

vakthaldet til personen som utfører vakthaldet. Eg er sjølvsagt klår over at ei slik diakron utgreiing er utan nokon forkláringsverdi i eit tradisjonelt generativt rammeverk, men eg konstaterer med glede at Petersen delvis òg týr til historiske språksteg når han skal gjera greie for visse avvik frå regelsettet. I delkapittel 2.7. finn vi òg ei kort utgreiing om sjølve grunnlaget for boka, nemleg spørsmålet om genustilordning er regelstyrt eller arbitrær (s. 53f.). Det er viktig å drøfta grundig kva genustilordning eigenleg går ut på før ein gjev seg i kast med å leita etter tilordningsreglar. Men slik eg ser det, vantar ein slik kritisk diskusjonen i boka til Petersen. Eg kjem attende til denne overordna innvendinga i del 3 nedanfor.

Det tredje kapitlet er eit av dei minste i omfang, og eg oppfattar det som det minst problematiske. Her beskriv Petersen korleis genus kjem til uttrykk i færøysk. Til grunn legg han definisjonen til Hockett (1958: 231), som seier at genus er klassar av substantiv, og at klasseinndelinga er basert på korleis tilhøyrande ord ter seg. Det er altså ord som står til substantiv, som kongruerer i genus. Vi ser t.d. at bøygningsforma på adjektivet góð- ('god') i følgjande substantivfrasar i nominativ eintal ubunden form rettar seg etter genuset til substantivet det står attributivt til: *ein góður granni* ('ein god granne'), *ein góð elli* ('ein god alderdom'), *eitt gott domi* ('eit godt døme') (s. 74). Samtidig syner dette dømet at stundom er éi og same form nytta for ord av ulikt genus, altså at determinativet *ein* i nominativ eintal står både til hankjønnsordet *granni* og hokjønnsordet *elli*. I resten av kapitlet gjev Petersen eit systematisk oversyn over korleis dei tre genusa i færøysk, maskulinum, femininum og nøytrum, manifesterer seg gjennom kongruens i dei ulike typane av tilhøyrande ord.

Kapittel 4 drøfter konseptet normalverdi- eller førerangsgenus («default gender»). Normalverdi i språkvitskapen inneber ifølgje Petersen at ein på førehand bestemd verdi automatisk vert introdusert i analysen (s. 89). Når det gjeld genus, lyt ein skilja mellom tre ulike normalverdistrategiar: (1) normalverdi på ordnivå, (2) semantisk normalverdi og (3) syntaktisk normalverdi (s. 91). På ordnivå er det særleg tre område som kan fortelja oss noko om kva som er normalverdigenus i færøysk. For det fyrste er det typefrekvens, eller statistikk («statistics») som Petersen kallar det. Substantiva i *Føroysk ordðabók* (FO) fordeler seg slik på dei tre genusa: 36 % M, 32 % F og 32 N %. Om ein berre ser på usamansette substantiv, er biletet slik: 37 % M, 36 % F og 27 % N. Petersen konkluderer med at skilnadene mellom genusa ikkje er signifikante, og at det på grunnlag av typefrekvens er uråd å avgjera kva som er førerangsgenus på ordnivå (s. 93f.). Annleis stiller det

seg med lánord. Petersen tek særleg føre seg substantiv som er lånte inn frå eller via dansk. Dansk har som kjent to genus, felleskjønn (eller utrum) og inkjekjønn (eller nøytrum). Ettersom dansk i fleire hundreår har vore andrespråket til dei fleste færøyingane, er språkbrukarar vel medvitne om det danske genuset til eit innlånt ord. Ein gjennomgang av lánorda i *Dansk-færøysk orðabók* (DFO) avdekkjer at dei fleste av dei er N, uavhengig av om långjevarordet er utrum eller nøytrum. Såleis er t.d. både *luksus* og *tennis* N i færøysk, medan orda i dansk er utrum. Dette tyder ifølgje Petersen på at N er normalverdigenus på ordnivå i færøysk (s. 100, 105, 112). Det tredje området som kan kasta ljós over spørsmålet om normalverdi på ordnivå, er såkalla nullavleiningar (eller konversjonar), dvs. substantiv som er avleidde frå verb utan tillegg av suffiks. Eit døme er *skruml* N ('slurv'), som går attende på verbet *skrumla* ('slurva'). Som det går fram av det fyldige oversynet i appendikset, er slike substantiv i overveldande grad N. Nullavleining kan sjáast på som den enklaste måten å laga nye ord på, og genus er her ikkje knytt til eit suffiks. Petersen meiner at genuset i denne ordlagingstypen difor kan vera eit teikn på at N har status som normalverdigenus på ordnivå. Men han vedgår sjølv at det òg kan vera rein slump at det er nøytrumsord som er mest talrike blant nullavleiningar (s. 113). Den andre typen normalverdi er basert på semantikken. I pronominell referanse fungerer ifølgje Petersen både M og N som normalverdigenus, men innanfor kvart sitt domene. Til grunn for denne todelinga ligg to semantiske tilordningsreglar. Den fyrste spesifiserer at ord for personar er M, illustrert i ordet *sjúkrarøktarfrøðingur* M ('sjukepleiar'). Den andre regelen seier at «beings of both sexes» er N. Som døme får vi presentert orda *hjún* N ('ektepar') og *barn* ('barn') (s. 116). Her uttrykkjer Petersen seg uklårt. Ut ifrå den vidare framstillinga går det fram at den semantiske regelen Petersen siktar til, inkluderer kollektive ord som tradisjonelt sett innehold både skapningar av biologisk hankjønn og hokjønn, altså nettopp ord som *hjún* N. Ordet *barn* N derimot høyrer etter det eg kan skjøna inn under fyrstnemnde tilordningsregel, på line med *sjúkrarøktarfrøðingur* M, for eit barn kan anten vera gut eller jente, men ikkje begge delar «samstundes». Det er altså ikkje noko kollektivt konsept. Desse to leksikalske tilordningsreglane vert så speglar i genuskongruensen til ulike pronomen. Spørsmålet er kva genusform ein nyttar på ulike typar pronomen når referenten (eller referentane) dei viser til, ikkje er spesifisert(e) for biologisk kjønn; det kan t.d. vera både ein mann eller ei kvinne eller begge delar. Og her finst det altså to strategiar. Når pronomenet viser til éin referent, nyttar ein M, når det viser til fleire referentar, nyttar

ein N. Vi får såleis dublettar av typen *Hvønn sást tú?* ('kven-M-sg. såg du?') vs. *Hvørji sást tú?* ('Kven-N-pl. såg du?') og *Er nakar inni?* ('Er (det) nokon-M-sg. der inne?') vs. *Er nøkur inni?* ('Er (det) nokon-N-pl. der inne?'). (S.st.) Vi har no sett på normalverdi på ordnivå og semantisk normalverdi. Den tredje og siste typen normalverdigens kallar Petersen syntaktisk normalverdi (kap. 4.5.). Her dreiar det seg om kva form ein nyttar på visse ord når genuskongruensen ikkje kan seiast å vera styrt av korkje eit substantiv med eit bestemt genus eller ein referent. Det er særleg to område som peikar seg ut. For det fyrste er det bruken av pronomen i såkalla vêruttrykk. I færøysk er det vanleg å nyttja pronomenet *hann* i uttrykk som *Hann regnar* ('Det regner') og *Hann kavar* ('Det snør') (s. 139). Men, som Petersen skriv på s. 140, ein kan sjå ein tendens til å erstatta *hann* med nøytrumsforma *tað* i slike konstruksjonar, altså *Tað regnar* og *Tað kavar*. For det andre er det òg slik at ein nyttar nøytrumsformer av kardinaltal i vanlege reknestykke og oppteljingar, dvs. når dei ikkje står (attributivt) til eit substantiv. Talet 1 heiter altså *eitt* på færøysk i motsetnad til dei maskuline formene *en* på dansk, *einn* på islandsk og *éin* på norsk (s. 142). Dette styrkjer ifølgje Petersen hypotesen om at N er syntaktisk normalverdigens i færøysk (s.st.).

Kapittel 5–10 utgjer den empiriske kjernen i boka. I kapittel 5 greier Petersen ut om dei ulike semantiske genustilordningsreglane (STR) han har funne. Han set i alt fram 27 STR. Reglane er attgjevne i oversyn 1 med same nummerering og rekjkjefølgd som i boka. Formuleringa «Musikkinstrument = F» bør lesast slik: «Substantiv som merkjer av musikkinstrument, er F». Som vi ser, handlar 13 av reglane om animat (STR 1–3, STR 6–9 og STR 11–15), medan 14 er om inanimat (STR 4–5, STR 10 og STR 16–26). Målgranskasar har lenge vore klåre over den tette samanhengen mellom genus og biologisk kjønn i indoeuropeiske språk. Det at reglane som Petersen har sett opp for animat, nester utan unntak held mål, stadfester mønsteret vi finn i andre indoeuropeiske språk. Likeins har det vist seg at det innanfor inanimata finst visse semantiske felt som er assosiert med eit bestemt genus (jf. t.d. Aasen 1996 [1848]: 107f.). Likevel er reglane for inanimata meir problematiske, noko også Petersen er klår over.

### Oversyn 1:

Semantiske genustilordningsreglar i moderne færøysk (s. 149–177):

- STR 1: Personar av biologisk hankjønn = M (*maður* ‘mann’)  
 STR 2: Husdyr av biologisk hankjønn = M (*tarvur* ‘okse’)  
 STR 3: Personar = M (*sjúkrarøktarfrøðingur* ‘sjukepleiar’)  
 STR 4: Tidsperiodar = M (*januar* ‘januar’)  
 STR 5: Tre = M eller F (*askur* M ‘ask’; *eik* F ‘eik’)  
 STR 6: Fiskar = M eller F (*toskur* M ‘tosk’; *brosma* F ‘brosme’)  
 STR 7: Fuglar = M eller F (*lomvigi* M ‘lomvi’; *kráka* F ‘kråke’)  
 STR 8: Personar av biologisk hokjønn = F (*kona* ‘kvinne’)  
 STR 9: Husdyr av biologisk hokjønn = F (*purka* ‘purke’)  
 STR 10: Musikkinstrument = F (*sello* ‘cello’)  
 STR 11: Personar av både biologisk hankjønn og hokjønn = N (*hjún* ‘ektepar’; sjå merknad ovanfor)  
 STR 12a: Unge og/eller små personar av biologisk hokjønn = N (*sprungud* ‘ung jente’)  
 STR 12b: Positive («upgraded») nemningar på unge personar av biologisk hokjønn = N (*vív* ‘kone’)  
 STR 13: Negative («downgraded») nemningar på personar = F (*lóra* ‘feicing’)  
 STR 14: Negative («downgraded») nemningar på skapningar av biologisk hokjønn = N (*groyggj* ‘rivjarn’)  
 STR 15: Nedlatande nemningar på personar = N (*dyl* ‘tosk’)  
 STR 16: Kardinaltal = N (*eitt* ‘éin’)  
 STR 17: Vind- og kompassretningar = N (*eystur* ‘aust’)  
 STR 18: Årstider = N (*summar* ‘sommar’)  
 STR 19: Sjøtilstandar = N (*ragg* ‘røff sjø’)  
 STR 20: Duskregn = N (*ael* ‘el’)  
 STR 21: Stov = N (*dust* ‘dust’)  
 STR 22: Kjemiske element og metall = N (*kopar* ‘kopar’)  
 STR 23: Alkoholiske drykker = N (*viski* ‘whisky’)  
 STR 24: Korn = N (*bygg* ‘bygg’)  
 STR 25: Land og kontinent = N (*Brasil, Afrika*)  
 STR 26: Latinske grammatiske termar = N (*presens*)

For det fyrste dekkjer nokre av dei berre nokre få ord (t.d. STR 16–18). For det andre er det mange ord som fell utanfor regelsettet. Dessutan har reglar av typen STR 5–7 etter mitt syn berre avgrensa verdi ettersom dei ikkje tilordnar eitt bestemt genus.

I kapittel 6 presenterer Petersen dei morfologiske genustilordningsreglane (MTR) han har funne i færøysk. Oversyn 2 oppsummerer regelsettet hans. I nokre indoeuropeiske språk er det tette samband mellom bøygningsklassar og genus. Det har fått forskrarar til å hevda at genustilordning i desse språka i hovudsak skjer med hjelp av bøygningsmorfologiske tilordningsreglar (jf. t.d. regelsettet for russisk i Corbett 1991). Også i færøysk er det ein nær relasjon mellom genus og substantivbøygning. Petersen gjer framlegg om seks morfologiske reglar baserte på bøygning. Dei tre fyriste er såkalla openberre («overtre») reglar (MTR 1–3). Kjenneteiknet til openberre

MTR er at dei tek utgangspunkt i éi bøygningsending. Som regel er det endinga substantivet har i grunnforma. I færøysk vil det som oftast seiā nominativ eintal ubunden form.

## Oversyn 2:

Morfologiske genustilordningsreglar i moderne færøysk (s. 191–231):

- 
- MTR 1: Nom. sg. ub.f. *-ur* = M (*armur* ‘arm’)
  - MTR 2: Nom. sg. ub.f. *-i* = M (*spaki* ‘spade’)
  - MTR 3: Nom. sg. ub.f. *-a* = F (*høka* ‘hake’)
  - MTR 4: Nom./akk. sg. ub.f. *-Ø* og nom./akk. sg. b.f. *-in* = M (*akur* ‘åker’)
  - MTR 5: Nom./akk. sg. ub.f. *-Ø* og akk. sg. b.f. *-(i)(n)na* = F (*hurð* ‘dør’)
  - MTR 6: Nom./akk. sg. ub.f. *-Ø* og nom./akk. sg. b.f. *-(i)* = N (*horn* ‘horn’)
  - MTR 7: Deverbale nullavleiningar med negativ tyding = N (*babl* ‘babl’)
  - MTR 8: Deverbale nullavleiningar som merkjer av ljodar = N (*bank* ‘bank’)
- 

Så godt som alle substantiva som sluttar på *-ur* i nominativ eintal ubunden form, er M. Sambandet mellom *-a* og F kan òg seiast å vera svært sterkt. Det finst rett nok nokre få hankjønnsord på *-a* (t.d. *pabba* ‘pappa’) og ei mindre gruppe av inkjekjønnsord (t.d. *auga* ‘auga’). Ut ifrå ein reint statistisk tankegang verkar såleis både MTR 1 og MTR 3 plausible. Det statistiske grunnlaget for MTR 2 er derimot etter mitt syn litt for spinkel. Diverre oppgjev ikkje Petersen eksakte tal, men ut ifrå diagrammet han presenterer på side 196, og basert på kjennskapen denne meldaren har til det færøyske og norrøne substantivsystemet, er endinga *-i* i nominativ eintal ubunden form ikkje like eintydig knytt til M som *-ur* til M og *-a* til F. Av substantiva på *-i* er om lag 1200 M (t.d. *granni* ‘granne’), litt i underkant av 400 er N (t.d. *epli* ‘eple’), og nokre få er F (*gleði* ‘glede’). Her må det skytast inn at Petersen ikkje er heilt konsekvent i omtalen av dei bøygningsmorfologiske reglane. På side 186 skriv han at det å setja opp morfologiske tilordningsreglar handlar om å finna ut kva suffiks som er knytte til kva genus. Eg tolkar det slik at det er bøygningsuffiks han her siktar til. Men utover i kapitlet vert det klårt at han ikkje alltid skil mellom bøygningsending og stomnutljod. Det er såleis uklårt om han reknar *-i* i nøytrumsord som *epli* som bøygningsending eller som ein del av stomen (jf. s. 207f.). Dersom den morfologiske segmentasjonen er *epl-i*, har MTR 2 snaue 400 unntak. Litt i overkant for min smak. Hovudargumentet til Petersen på dette punktet ser ut til å vera at språkbrukarar flest klassifiserer fantasiorda på *-i* som M (jf. kap. 9 om dei psykolingvistiske testane). Men etter mitt skjøn er det ein alvorleg brest i Petersens resonnement. Han konstaterer at dei fleste infor-

mantane oppfattar fantasiordet *pivi* som M, og at det stadfester regelen om at -i = M (s. 195f.). Men han ser ut til å gløyma eit sentralt moment her. I tillegg til sjølve ordforma har nemleg informantane fått informasjon om at dette ordet merkjer av ein slags skapning som kan likna på ein fisk eller ein fugl. Ovanfor såg vi at nemningar for fiskar og fuglar er M eller F i færøysk (STR 6 og 7). I tillegg er begge artsnemningane M (*fuglur* og *fiskur*) (jf. s. 288). Med andre ord er det ikkje utan vidare opplagt at det er endinga -i som var avgjeraande for at informantane klassifiserte ord som *pivi* som M. Dei neste tre genustilordningsreglane som er baserte på substantivbøygning, er såkalla dulde («*converte*») reglar (MTR 4–6). Desse reglane er baserte på fleire bøygningsendingar. Som orda *hurð-Ø F* ('dør') og *horn-Ø N* ('horn') viser, er det altså ikkje tilstrekkeleg å vita at eit substantiv sluttar på -Ø i nominativ einatal ubunden form for å kunna tilordna genus. I slike tilfelle lyt ein ty til fleire bøygningsendingar for å få rett genus. Tilhovet mellom genus og substantivbøygning er ikkje så beint fram som framstillinga til Petersen somtid gjev uttrykk for, og eg skal venda attende til problemet i del 4 nedanfor. Dei siste to MTR-ane tek utgangspunkt i to ordlagingsmønster (MTR 7 og 8). Det er dei einaste to tilordningsreglane i boka som er baserte på derivasjonsmorphologi.

Tema for kap. 7 er lánord. Substantiv som vert lånte inn i færøysk, vert formelt tilpassa substantivsystemet. Dei får eit genus, og dei vert bøygde i tal, kasus og bestemtheit. Hovudprinsippet for tilpassinga av danske lánord er ifølgje Petersen at dei held på genuset sitt (s. 233). Meir presist vil det seia at danske utrumsord anten vert M eller F i færøysk, medan N er uendra. Når eit substantiv likevel får eit anna genus i færøysk, så skjer det i favør av N, med mindre det finst semantiske eller formelle grunnar til genusskiftet (s. 237). Dei sistnemnde tilfella er det nett dei semantiske og morfolologiske reglane i kap. 5 og 6 som er ansvarlege for. Dei danske personnemningane *maestro* og *tenor* svarar difor til dei maskuline *maestro* og *tenorur* i færøysk. Begge orda stadfester STR 1 og 3. Fleirstava utrumsord som endar på -us i dansk, er M i færøysk (t.d. *syklus* og *globus*) (s. 243f.). Derimot vert dei fleste danske utrumsorda som endar på -e, assosierte med færøyske substantiv på -a og får såleis tilordna F (t.d. *bagasja* og *kabina*) (s. 246). Petersen diskuterer genuset til ei rekke andre lánord, og hovudkonklusjonen hans er at dei stadfester dei framsette genusreglane.

I kap. 8 ser Petersen på substantiv som er belagde med fleire genus. Brorparten av dei er lánord. Petersen har ei rimeleg forklaring på genusstoda i dei fleste av desse orda. Det er elles eit kjent fenomen at lánord kan ha va-klande genus i ein tilpassingsfase (Corbett 1991).

Ein annan måte å testa dei postulerte genusreglane på i tillegg til lánord (sjå om kap. 7 ovanfor) er som nemnt psykolingvistiske testar. Petersen gjennomførte ei rad slike testar på ulike stader på Færøyane. Resultata er skildra i kap. 9. Denne meldaren var sjølv med på den siste og mest omfattande testrunden som fann stad i 2008. Det er denne eg her kort skal gjera greie for. Målet var å få informantar til å tilordna genus til fantasiord som tydeleg fell inn under éin eller fleire av dei framsette genustilordningsreglane. Konkret var det STR 5–7 som skulle stadfestast. Informantane fekk presentert ei teikning av høvesvis ein ny art av tre, fisk og fugl. Så fekk dei spørsmål om kva som kunne ha vore ei mogleg nemning på desse. Ettersom tidlegare intervju hadde vist at dei faarraste informantane greier å koma opp med eit nytt ord sjølve, hadde Petersen laga fleire framlegg på førehand. Han hadde konstruert setningar som innehold substantivrøtene *seip-* (for det nye treslaget), *piv-* (for den nye fiskearten) og *pal-* (for det den nye fuglearten). Ikkje uventa fann vi ut at informantane føretrekte dei ordformene som var laga etter dei mest vanlege bøygningsmönstra. Dei vil seia M på *-ur* og F på *-a* og N på *-Ø*. Når det galdt fisken og fuglen, var det høvesvis formene *pivur* M, *piva* F og *palur* M, *pala* F som vart favoriserte. Det står opp under STR 6 og 7. Blant dei konstruerte treorda vart nøytrumsforma *seip* vurdert som om lag like akseptabel som *seipur* M og *seipa* F. Ifølgje STR 5 er ord for tre M eller F. Grunnen til at N skåra så bra i testen, er kanskje at artsnamnet *træ* ('tre') sjølv òg er N (s. 288). Ingen av eksperimenta har fått fram heilt eintydige resultat. Konklusjonen min er difor noko tilbakehalden. Ein kan neppe sjå på desse testane som prov for presise tilordningsreglar, men dei viser oss at det finst visse tilordningstendensar.

I tillegg til lánord (kap. 7) og psykolingvistiske testar (kap. 9) er det ifølgje Petersen eit tredje felt som kan kasta ljos over gehalten i dei postulerte tilordningsreglane, og det er tilfelle av genusskifte over tid. Vi får fleire stader i boka presentert døme på at eit ord har skift genus i løpet av færøysk språkhistorie, men i kap. 10 er desse overgangane framstilte samla og meir systematisk. Etter å ha jamført dei usamansette substantiva i det færøyske materialet med dei tilsvarande kognatane i *Norrøn ordbok* (NO) slår Petersen fast at det finst svært få førekommstar av genusskifte. I alt listar han opp 53 slike overgangar (s. 291f.). Ei nærmare granskning av eit større utval av desse syner at nokre overgangar verkar semantisk motiverte, medan andre kan ha hatt si årsak i formelle eigenskapar til substantivet. Eit illustrativt døme på ein semantisk motivert genusovertgang er ordet *Asia*, som har skift genus frå F til N. Drivkrafta bak denne endringa finn Petersen i STR 25,

som seier at namn på kontinent er N i færøysk (s. 292). Også overgangen frå *persóna* F ('person') til *persónur* M, har sitt utspring i ein semantisk regel, nemleg STR 3, som konstaterer at personar er M i færøysk (s. 293). Slike diakrone utviklingar kan difor seiast å stø opp under dei semantiske tilordningsreglane som Petersen har sett fram. I tillegg meiner han som sagt å finna evidens for regelsettet sitt i det han kallar formelt motiverte genusskifte. Argumentasjonen hans på dette punktet er, slik eg ser det, meir tvilsam og skal i større omfang takast opp til drøfting i del 4.

Med det har vi kome til avsluttinga i boka, kap. 11. Her oppsummerer Petersen dei viktigaste funna i undersøkinga. Hovudkonklusjonen hans er ikkje uventa at genustilordning i færøysk er regelstyrt (s. 303). Innanfor domenet til animate konsept stadfester dei semantiske tilordningsreglane i boka dei prinsippa som har vore formulerte i andre indoeuropeiske språk. Når det gjeld inanimate konsept, er Petersen meir pessimistisk. Genuset til slike ord er ut ifrå eit semantisk perspektiv arbitrært. Med det meiner han at ein ikkje kan slutta seg frå tydinga til eit inanimat substantiv til genuset det har. Det er altså ingenting i tydinga til ordet *armur* ('arm') som tilseier at det er M (s. 304). Ein kan nok verta litt i stuss over denne bastante påstanden. Petersen har då sanneleg lagt fram fleire semantiske tilordningsreglar for inanimate substantiv, så genuset til slike ord kan då ikkje vera heilt arbitrært? Det er sjølv sagt rosverdig at han har skaffa fram solide belegg på at genuset til animate ord i stor grad er semantisk motivert, men som han sjølv skriv på same sida (s. 304), har slike samanhengar vore velkjende i alle fall sidan byrjinga på den historisk-komparative språkvitskapen. Petersen vedgår at framtidig forsking kanskje kan avdekkja fleire semantiske tilordningsreglar for inanimate ord (s.st.). Men etter hans oppfatning er dei mest sentrale tilordningsreglane i færøysk baserte på bøyningsmorfologien (s. 307). Eg deler ikkje dette synet, og i del 4 skal eg forklåra kvifor.

### **3 Kva er genustilordning?**

I omtalen av dei einskilde kapitla i del 2 ovanfor har eg allereie fleire stader ymta frampå om nokre av hovudinnvendingane eg har til Petersens bok. Utan at det svekkjer dei empiriske resultata Petersen legg fram, er eit av hovudankepunktene mine mot argumentasjonen i boka at han ikkje i tilstrekkeleg grad problematiserer og spesifiserer (a) kva han meiner med genustilordning, og (b) kva det vil sei at genustilordning er regelstyrt. Som nemnt

i omtalen av kap. 2.7. i del 2 ovanfor diskuterer Petersen i korte drag spørsmålet om genustilordning er regelstyrt eller arbitrær (s. 53f.). Han sluttar seg her til Corbett (1991: 7), som legg fram tre hovudargument for at substantiv får sitt genus gjennom eit regelbasert tilordningssystem. For det fyrste gjer morsmålsbrukarar svært få eller ingen genusfeil. Dersom talarane måtte læra genuset til kvart einskilt substantiv, skulle ein forventa ein mykje høgare feilkvote, resonnerer Corbett. For det andre vert nye ord som er lånte inn i språket, tilordna genus. Det vil seia at det må finnast ein mekanisme for genustilordning. Og for det tredje greier morsmålsbrukarar å tilordna genus til oppfunne substantiv som dei får presentert, og det skjer ifølgje Corbett på ein konsistent måte. (s. 53). Det einaste Petersen har å seia om Corbatts fyrste argument, er at han som medlem av språksamfunnet på Færøyane kan stadfesta at genusfeil blant morsmålbrukarar er sjeldan vare. Det er greitt nok, men eg hadde venta meg ei kritisk drøfting av forklaringa Corbett gjev for det faktumet at morsmålbrukarar gjer så få genusfeil. Ifølgje honom verkar det rett og slett urimeleg at hjernen vår skulle kunna memorera genuset for kvart substantiv individuelt utan at det ville ha ført til genusfeil i monaleg omfang. Som van Berkum (1996: 42) overtydande argumenterer for, må ein ut ifrå dagens neuropsykologiske kunnskapar kunna slå fast at Corbett tek feil på dette punktet. Som vi veit, gjer friske språkbrukarar svært få feil i produksjonen av sjølve ordformene. Men likevel vil ein vel difor neppe argumentera for at dei avleier forma til titusenvis av ord frå tydinga deira. Dersom folk greier å lagra den stort sett arbitrære forma til titusenvis av ord, kvifor skulle dei ikkje greia å lagra genus i tillegg? Mange av dei postulerte genustilordningsreglane ein finn i litteraturen, er berre i lita grad konsistente, og dessutan er det ofte slik at eitt og same ord kan høyra inn under domenet til fleire tilordningsreglar med kvar sitt genus. Ut ifrå begge desse to momenta skulle ein heller forventa at det var genustilordning som fører til fleire feil, og ikkje genuslagring. (s.st.) Når det gjeld språkproduksjon hjå vaksne morsmålsbrukarar, verkar det altså ut ifrå ein psykolingvistisk ståstad meir realistisk med *genuslagring* enn med *genustilordning*. Det er òg konklusjonen til Fischer (2004). Det tyder sjølv sagt ikkje at det ikkje finst strukturerte samband mellom genus og andre eigenskapar ved substantiv. Empiriske studiar som denne til Petersen vitnar nettopp om at leksikonet er strukturert både formelt og innhaldsmessig.

Det tredje argumentet til Corbett har Petersen etterprøvd i testar der informantane vart bedne om å tilordna genus til fantasiord (kap. 9). Som vi såg, var ikkje resultata frå desse testane eintydige, men dei viste meir eller

mindre klåre tendensar i måten språkbrukarane forsynte desse orda med genus på. Fischer (2004), som har gjennomført langt meir omfattande eksperiment av same typen med morsmålstalarar av tysk, kjem fram til same konklusjonen. Då står vi att med argument nr. 2 hjå Corbett. Nye substantiv som vert lånte inn i eit genusspråk, får som regel eit bestemt genus. Her oppstår det altså eit genuint behov for å tilordna genus. Som både underøkinga til Petersen (kap. 7) og andre studiar har vist, skjer ikkje denne tilordninga på rein slump, men på grunnlag av dei semantiske og formelle sambanda som finst i substantivsystemet frå før. Det er såleis fyrst og fremst i den morfologiske tilpassinga av nye ord at ein med rette kan snakka om *tilordning* av genus. I mange tilfelle vil lånordet pga. sine semantiske og formelle kjenneteikn kunna assosierast med eksisterande substantiv eller grupper av substantiv. Genustilordning skjer då truleg etter mønster frå desse orda. I andre tilfelle høver kanskje det nye lånordet ikkje beint fram inn i noko eksisterande mønster, eller det er fleire motstridande mønster som gjer seg gjeldande. Det er truleg slike situasjonar som i del 2 er omtala som tilpassingsfasar der lånord kan ha vaklande genus.

#### **4 Genus og bøygning: høna eller egget?**

No kan ein sjølvsgart hevda at slike teoretiske innvendingar har lite relevans ettersom arbeidet til Petersen fyrst og fremst har eit empirisk siktemål. Men eg skal her kort illustrera kva det prinsipielle synet ein har på genus, har å seia for korleis ein kan tolka empirien som Petersen presenterer i boka. Som eg var inne på i slutten av del 2, fester Petersen mest lit til morfologiske tilordningsreglar, og som vi såg, er dei viktigaste av desse baserte på bøygning. Tilhøvet mellom genus og bøygning er diskutert fleire stader i litteraturen (t.d. Enger 2004). Eitt av diskusjonspunkta går litt forenkla sagt ut på om det er bøygning som styrer genus eller omvendt. Eller med andre ord: Får ordet *armor* suffikset *-ur* i nominativ eintal av di det er M, eller er *armor* M av di det er bøygd med suffikset *-ur*? Eller for å formulera det på endå ein annan måte: Kvífor sluttar *armor* på suffikset *-ur* i fyrste omgang? For substantiv som er ein del av det etablerte ordtilfanget, kan svaret verka opplagt. Endinga *-ur* er jo ein del av ordet, så ho finst jo allereie der. Problemet oppstår derimot i handsaminga av lånord. Dei to danske utrumsorda *rubin* og *rosin* er begge vortne lånte inn i færøysk. Det fyrste er vorte til *rubinur* M, medan det andre har resultert i *rosina* F. Det er vel lite sannsynleg at desse orda har fått tilordna genuset sitt på grunnlag av bøygningsendinga.

Som vi ser, lyst nye lánord som kjem inn i språket, tilpassast både når det gjeld bøygningsklasse og genus. Det verkar uklårt for meg korleis slike substantiv får genuset sitt i eit tilordningssystem basert på bøygningsmorfologiske tilordningsreglar. Petersen fører opp fleire døme på diakrone overgangar som ifølgje honom syner at dei morfologiske tilordningsreglane er reelle. Men etter mitt skjøn feiltolkar han mange av døma. På s. 191 påstår han at overgangen frå norrønt *ermr* F ('erm') til færøysk *erma* F er klår evidens for MTR 1 (-ur = M). Endinga -r, som seinare gjennom vokalinnskot vart til -ur i færøysk, er den mest typiske hankjønnsendinga. Det som skjer på veg til færøysk, er at *ermr* går over til ein bøygningsklasse som er langt meir vanleg for F, nemleg den som har -a i nominativ eintal. Ein tilsvarande overgang har skjedd frå *mýri* F ('myr') til *mýra* F (s. 196). Her er det -i som vert erstatta av den meir «feminine» -a-endinga. Eller med andre ord er det genus som framkallar eit skifte i bøygningsklasse. Vi kan seia at F «styrer» -a, altså stikk motsett av det Petersen argumenterer for i MTR 3. Generelt vil eg difor hevda at tilhøvet mellom genus og bøygning ikkje er like endeframt som Petersen vil ha det til (jf. Enger 2004). Dei morfologiske tilordningsreglane som han presenterer, har enno ikkje overtydd denne meldaren.

## 5 Avslutting og utsyn

Ovanfor har eg kome med ei rekke større og mindre innvendingar mot boka til Petersen. Til slutt vil eg likevel streka under at eg tykkjer boka er eit solid empirisk arbeid. Lesaren får her eit fundert oversyn over det færøyske genussystemet, presentert i ein ledig og enkel stil. Stundom kunne forfattaren ha vore meir eksplisitt i forklåringa av tabellar og oversyn. I forlenging av Petersens arbeid trur eg det vil vera gagnleg å sjå nærmare på kva rolle fonologiske og semantiske eigenskapar spelar for genuset til inanimate substantiv.

## Litteratur

- Bloomfield, Leonard 1933: *Language*. New York: Holt.
- Corbett, Greville G. 1991: *Gender*. Cambridge: Cambridge University Press.
- DFO = Petersen, Hjalmar P. (hovudredaktør), Jóhannes av Skarði & Marius Staksberg 1995: *Dansk-føroysk orðabók*. 3. útg. [Tórshavn]: Føroya Fróðskaparfelag.

- Enger, Hans-Olav 2004: On the relation between gender and declension: a diachronic perspective from Norwegian. *Studies in Language* 28, 51–82.
- Fischer, Rudolf-Josef 2004: *Genuszuordnung: Theorie und Praxis am Beispiel des Deutschen*. Frankfurt: Peter Lang.
- FO = Poulsen, Jóhan Hendrik W. (hovedredaktør) (m.fl.) 1998: *Føroyisk orðabók*. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- Hockett, Charles F. 1958: A course in modern linguistics. New York: MacMillan.
- Köpcke, Klaus-Michael 1982: *Untersuchungen zum Genussystem der deutschen Gegenwartssprache*. Tübingen: Niemeyer.
- NO = Heggstad, Leiv, Finn Hødnebø, Erik Simensen, Marius Hægstad & Alf Torp 1975: *Norrøn ordbok*. Oslo: Samlaget.
- Steinmetz, Donald 2006: Gender Shifts in Germanic and Slavic: Semantic motivation for neuter? *Lingua* 116, 1418–1440.
- Trosterud, Trond 2001: Genustilordning i norsk er regelstyrt. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 19, 29–58.
- Trosterud, Trond 2006: Gender assignment in Old Norse. *Lingua* 116, 1441–1463.
- van Berkum, Johannes Josephus Augustinus 1996: *The psycholinguistics of grammatical gender: Studies in language comprehension and production*. Doctoral Dissertation, Max Planck Institute for Psycholinguistics. Nijmegen: Nijmegen University Press.
- Aasen, Ivar 1996 [1848]: *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Ved Terje Aarset. Volda: Høgskulen i Volda.

*Philippe Conzett*  
 Universitetet i Tromsø  
 Institutt for språkvitskap  
 NO-9037 Tromsø  
 philipp.conzett@uit.no

[Mottatt 8. september 2010]